

Her er næringane vi er

NÆRINGS LIV: Gass frå Trollfeltet, naboskap med Førde, skipsbygging i verdensklasse og dyktige skiftarbeidarar.

IVAR MYKLEBUST LONGVASTØL
ivare@frida.no 91149813

PROSJEKTET

■ «Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane» er ein del av eit nasjonalt forskingsprosjekt. Målet er å bidra til langsiktig økonomisk vekst, og såleis livskraftige og attraktive lokalsamfunn.

Her er lista over kva kommunane sjølv meiner er deira styrke i næringslivet. Næringssefane har svart på spørsmålet «Hvor har kommunen sine konkurransemessige fordeler?», stilt av Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dei svarer også på kvar dei meiner vekstpotensialet er, og dei vert bedne om å trekke fram suksessbedrifter i eigen kommune.

Flora: Maritim klyngje. Gode på oppdrett og havbruk og tilknytte næringar. Vekst: Utvikle maritim klyngje, offshore-relatert industri.

Gulen: Gode entreprenørbedrifter. Gode vilkår for fiskeoppdrett. Vekst: Reiseliv. Ny industri knytt til tørrgass frå Trollfeltet ført inn til Sløvåg.

Solund: Kompetanse i maritime næringar. Vilje til investering i kystflåten. Gode vilkår for oppdrettsnæringa. Vekst: Turisme, maritime næringar.

Hyllestad: Skipsbyggingskompetanse i verdstoppen (Havyard), kompetanse i automasjon. Vekst: Vidareutvikle skipsbygging og få til synergi med automasjon.

Høyanger: Stor industrikompetanse. Kompetent arbeidsstyrke som kan jobbe skift. Vasskraft. Vekst: Omstilling til ny næring, som brenselcellefabrikk og hybridbil frå ny felgfabrikk.

Askvoll: Alle maritime næringar. Fiske, oppdrett, frakteskutenaeringa. Vekst: Vidareutvikle maritime næringar.

Fjaler: Stor semje i næringspolitikken. Få interne stridar. Vekst: Offshore-relaterte næringar. Reiseliv. Helserelaterte bedrifter. Småindustri.

Gaular: Nærleiken til Førde, pluss låge etableringskostnader. Vekst: Transportnæringa. Kommunen har stor offentleg sektor.

Jølster: Ligg midt i fylket. Mindre enn ein times køyring til fire flyplassar. God infrastruktur. Vekst: Logistikk og transport.


Førde: Stor og velutvikla handelsby. Vekst: Utvikle handelsnæringa vidare. Auka industriproduksjon.

Naustdal: Sentral plassering på aksa Førde-Flora. Vekst: Potensial for vekst i alle næringar.


Gloppen: Viktig landbrukskommune. Agro Business Park. Samdrifter. Vekst: Vidare effektivisering av landbruket. Utvikle turistnæringa.

Frå rapporten som tel alle fylkets 26 kommunar er det yerd å merke seg at berre Vågsøy trekjer fram tilgang på privat kapital som ein konkurransefordel.


■ Kommunane trur på vekst der det allereie går bra




REISELIV: Solund kommune, her frå Hardbakke, er ei av fleire kommunar som har tru på reiselivet.



OFFSHORE: Fjord Base i Flora har hatt ein fin vekst, og florpværingane trur på vekst.



EINIGE: Stor semje i næringspolitikken gir uttelling for Fjaler. Stein Arne Ottesen og Arve Helle let seg inspirere av Ormen Lange.



SJØMAT: Mange kommunar trur på vekst i sjømatnæringa. Her frå det Flora.

Høyanger brukar mest på næring

Høyanger brukte ni millionar kroner på næringsutvikling i 2009, mest av kommunane i fylket.

– Det er overraskande stort sprik mellom kommunane, seier forskar Johannes Idso på høgskulen.

Undersøkinga viser at ressursbruken på næringsutvikling i 2009 varierte frå 800.000 kroner til ni millionar.

Dei ni kraftkommunane Høyanger, Årdal, Vik, Balestrand, Aurland, Lærdal, Luster, Bre-

manger og Flora brukte til saman 35,2 millionar, medan dei 17 andre fordelte 33,2 millionar.

Det er også svært store skilnader i kva type verkemiddel kommunane brukar. Medan Askvoll i 2009 berre gav tilskot, kunne ein i Høyanger få tilskot, stipend, lån, lokale, etableraropplæring og næringsareal.

– Alle kommunane har strategiar for næringsutvikling, og alle har eit kommunalt næringsfond, men ressursbruken og verkemidla er svært ulik, oppsummerer Idso.

Han har også eit klart inntrykk av at det er større «trykk» i næringsutviklinga der ein har overlata jobben til ein eigen organisasjon, som Sunnfjord 2020 og Måløy Vekst. I små kommunar med liten organisasjon og berre ein person til å jobbe med næring, og som ofte har andre oppgåver i tillegg, er det vanskeleg å halde oppe trykket.

Han fann også at kommunegrensar kan verke hemmande på næringsutvikling.



– Om ikkje kommunane slår seg saman, bør kanskje dei som

jobbar med næring gjere det, foreslår Idso.


« Alle kommunane har strategiar for næringsutvikling, og alle har eit kommunalt næringsfond, men ressursbruken og verkemidla er svært ulik.

Johannes Idso

gode på



BEST I VERDA: Skipsverftet i Leirvik i Hyllestad leverer offshore-fartøy i verdensklasse, som dykkarskipet «Seven Havila» som nyleg er levert.



EFFEKTIV: Effektivisering i landbruket kan gje nye vekst. Grim Erik Lillestad i Hjelmealand og Fauske samdrift i Gaular har trua.

Her er suksessbedriftene

Flora: Kinn Bryggeri, PSWinCom*.
Gulen: Avoco, Dit.no, Firda Seafood, Miljøkompost.
Solund: Solund Maritim.
Hyllestad: Havyard Leirvik.
Høyanger: Safe Clean.
Vik: Linn Bad, Vik Industrier.
Balestrand: Ballholm, Ciderhuset.
Leikanger: Handelshuset Saften.
Sogndal: Yast.no, Bratt Moro.
Aurland: Bryggeriet Ægir.
Lærdal: Lærdal Grønt, Treveren AS.
Årdal: Dooria, Norsun.
Luster: Digital Etikett.
Askvoll: Bulandet Fiskeindustri.
Fjaler: Elis, Haugland rehabilitering.

Gaular: Åmot gard.
Jølster: Sambruk, nye Skei Hotel.
Førde: Lotteritilsynet, Gjensidige Bank.
Naustdal: Ingen.
Bremanger: Fleire lakseoppdrettarar.
Vågsøy: Local Host, Stadt Towing Tank.
Selje: Paneda.
Eid: Opera Nordfjord, Malacooff rockfestival.
Hornindal: Grodås Trevarer.
Gloppen: Tine, SFE, Bolseth Glass, Bano.
Stryn: Moods of Norway, Aloa Hemp.

Næringsjefane vart spurde om bedrifter som har hatt suksess siste året.
* PSWinCom har nyleg bestemt seg for å flytte frå Flore.



POLITIKAREN: – Fylkeskommunen må vere med og stimulere tiltak som byggjer opp under Førdes planar om ein meir urban by, seier Jorunn Eide Kirketeig.
Arkivfoto: Sigurd Løseth.

Pengar til Førde likevel

POLITIKK: Både Førde og Sogndal får likevel tettstadmidlar i år. Fylkespolitikarane gir kvart av dei to sentera 500.000 kroner.

HELGE JOHNSEN
helge.johnsen@firda.no 91149810

Dette er klart, etter at det fylkeskommunale plan- og næringsutvalet onsdag reduserte den tilrådde tildelinga til Leikanger med ein million kroner, og tok dei to store folkesentera inn i varmen.

Kan realiserast

Summane er mindre enn dei to kommunane søkte om. Men dei vil gjere det mogleg for Førde å arbeide vidare med fiskestigen og gang/sykkelvegen langs Jølstra. I Sogndal kan det bli arbeidd med vasspromenaden langs sjøen i Sogndal sentrum.

Både Sps gruppeleiar Jenny Følling og Ap-representant Jorunn Eide Kirketeig var opptekne av å få denne endringa.

– Det er viktig å utvikle region-sentera og gjere dei attraktive. Då må handling følgje ord, seier Jenny Følling.

Jorunn Eide Kirketeig viser til at fylkeskommunens eigen fylkesplan har som målsetjing å stimulere til nærings- og tettstadutvikling.

– Trur ein på det, må ein stimulere til enda meir vekst der det er vekst. Og dette må ein gjere i handling, seier Ap-politikaren frå Førde.

Fått ein brøkdel

Tal som vart lagt fram på møtet viser ifølgje Kirketeig at det her i fylket frå 1995 og til i dag er delt ut nesten 57 mill kroner til ulike prosjekt som skal utvikle tettstader. Førde har fått rundt 4,5 mill

SAKA

Fylkesadministrasjonen gjekk inn for å gi midlar til tettstadsutvikling i ei rekke kommunesentra og i Undredal – men ville avstå søknadene frå både Førde og Sogndal.

kr av desse midlane, og av dette har 2,1 mill kr blitt tildelt frå 2005 og fram til i dag.

Korkje Kirketeig eller Jenny Følling vil gå bastant ut og seie at Førde har fått for liten del av midlane, sett i høve til folketal og senterfunksjon.

– Men det kan vere grunn til å sjå på korleis ein tildeler tettstadmidlane. Uansett vil det ikkje vere rett å seie at Førde i staden lyt nytte kompensasjonsmidlane for høgare arbeidsgivaravgift til å løfte senteret, seier Følling.

Fylket må bidra

Jorunn Eide Kirketeig ser gjerne at sentrumutviklinga i Førde skjer gjennom spleiselag.

– Men også fylkeskommunen må bidra. Det må ikkje vere slik at fylkeskommunen gir til andre, og seier at Førde får finne andre finansieringskjelder, seier ho.

– For Førde er det viktig å få på plass nye område der folk kan ferdestil til fots og på trøsykkel. Bygginga av ein samanhengande sykkelsti på begge sider av elva er eit godt tiltak, seier Kirketeig.

Ein må stimulere til meir vekst der det er vekst.

Jorunn Eide Kirketeig (Ap)

Gir tilbud på leige i rådhuset

FØRDE: Førde kommune har no sendt formelle tilbod til potensielle leigetakarar i det nye rådhuset.

Førde Tømteselskap, Kryssrevisjonen, NAV Førde, PPT Førde, Sekom og Sys IKT får tilbod om ei husleige på 1829 kroner pr. kvadratmeter bruttoareal.

Leigeprisen inkluderer bruk av fellesareal som møterom, kantine og garderober. Innflytting kan påreknast mellom 1. april og 30. juni 2013, går det fram av tilbodet.

GYNGEHESTEN

Laurdagstilbod!

Alle **reima** og **TROLL** COLLECTION

Vinterdressar BERRE

500,-

BARNAS BUTIKK I FØRDE